

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Torsdag 27. oktober 2005, kl 1030 – kl 1600

Stad: Rica Maritim Hotell, Haugesund

Styremøtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	83/05 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak	84/05 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF, 06.09.05
Sak	85/05 O	Administrerande direktør si orientering
Sak	86/05 B	Økonomirapport pr. 31. august 2005
Sak	87/05 B	Fordeling av supplerande lån til investeringsforemål i 2005
Sak	88/05 B	Godkjenning av instruks for kontrollkomitè og internrevisjon
Sak	89/05 B	Nytt psykiatrisk akuttmottak Sandviken – Helse Bergen HF
Sak	90/05 B	Avskriving for tap – fullmakt
Sak	91/05 B	Behandlingstilbod til pasientar med sjukleg overvekt i Helse Vest
Sak	92/05 B	Saka trekt - Tilrettelegging av sjukehusstilbodet i Bergensområdet
Sak	93/05 B	Tertialrapportering på bestillardokumentet 2. tertial 2005
Sak	94/05 B	Avtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeningen
Sak	95/05 B	Møteplan 2006
Sak	96/05 O	Pålegg frå Arbeidstilsynet, Kreftavdelinga post 1 - HUS
Sak	97/05	Eventuelt

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima
Svein Andersen
Bente Moen
Marit Nordstrand
Per Hanasand
Brian Bjordal
Aslaug Husa
Inger F. Hamborg
Helge Espelid

Frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne
Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal
Fagdirektør Odd Søreide
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Rådgivar Torunn Nilsen (ref)

Styremøtet starta med:

omvisning og orientering ved barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling i Haugesund og

presentasjon av Helse Fonna ved styreleiar Magnus Skåden:

Magnus Skåden presenterte Helse Fonna HF, med fokus på følgjande område:

Helse Fonna er:

- eit helseføretak med 4 sjukehus
- eit helseføretak med stor tillit i folket
- eit særskild effektivt HF
- eit HF med høg kompetanse

Helse Fonna har det lågaste talet på tilsette per årsverk i Helse Vest

Helse Fonna har flest sjukehusopphald per årsverk i Helse Vest

Helse Fonna har den kortaste liggetida i Helse Vest, og høgast volum når det gjeld dagkirurgi.

Når det gjeld økonomi, har Helse Fonna framleis eit stykke å gå. Dei melder no om ein prognose på minus 25 millionar i høve til budsjett i 2005.

Noko av dette kan skuldast problem med å etablere ein kultur for at balanse er viktig for føretaket – for å etablere framtidig handlefridom. Tiltak for å betre den økonomiske situasjonen blir utgreia.

Sak 83/05 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Sak 92/05 var trekt frå sakskartet før styremøtet.

Det var elles ingen merknader til innkalling og dagsorden.

**Sak 84/05 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF
06.09.2005**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøtet 6. september 2005.

Sak 85/05 O Administrerende direktør si orientering

1. Fokusområda 2005:

Augusttal på ventetider og epikrisetid vart gjennomgådd i møte:

Gjennomsnittleg ventetid for heile regionen er på 99 dagar.

Helse Bergen: 108 dagar

Helse Stavanger: 97 dagar

Helse Førde: 96 dagar

Helse Fonna: 75 dagar

Private med avtale: 103 dagar

Tala viser ei negativ utvikling i helseføretaka. I nokre av HF-a er ventetida lengst for dei utan rett til nødvendig helsehjelp.

Styret ønska fokus på å nytte ledig kapasitet til å redusere ventetid. Styret ønskja difor å få lagt fram eit notat om dei juridiske problemstillingane knytt til å kople ledig kapasitet i HF-a med ventelistedata.

Epikrise:

Det er ei gradvis positiv utvikling på epikrisetid i alle helseføretaka, sjølv om det framleis er noko igjen for å nå krava frå styresmaktene.

Helse Bergen: somatikk - 59%, psykiatri - 61%

Helse Stavanger: somatikk - 62%, psykiatri - 59%

Helse Førde: somatikk - 74%, psykiatri – 77%

Helse Fonna somatikk – 50%, psykiatri – 70%

Korridorpatientar:

Når det gjeld korridorpatientar var styret nøgd med utviklinga i Helse Bergen, og presiserte at ein no må finne ei kortsiktig løysing i Helse Stavanger, fram til nytt pasienthotell og det nye akuttmottaket er på plass.

Omstillingstiltak:

Styret la vekt på at målet om balanse i 2005 må oppretthaldast for å skaffe handlingsrom og rom for framtidege investeringar.

2. Pålegg frå Helsetilsynet, Sandviken sjukehus

Administrasjonen viste til utsendt notat og brev til Statens helsetilsyn, dagsett 7. oktober 2005. I brevet stadfester Helse Bergen at det ikkje vil bli nytta korridorsenger på kortidsavdelinga på Sandviken sjukehus etter 12. oktober.

3. Politisk plattform for ny regjering

Administrasjonen viste til utsendt utdrag av politisk plattform framforhandla på Soria Moria 26. september – 13. oktober.

4. Orientering om relevante lovar og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret viste til del 2 der RHF-et mangla svar frå helseføretaka, og ba administrasjonen sjå til at helseføretaka gjer tilbakemelding på dei fristane som er gitt.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 86/05 B Økonomirapport pr. 31. august 2005

Kommentar:

I saka vart rekneskapen per 31.08. lagd fram, medan tal for september vart presenterte i møte.

Helse Bergen HF har 20,7 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Stavanger HF har 3,2 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Førde HF har 37,4 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Helse Fonna HF har 34,1 millionar kr. i negativt avvik i høve til budsjett.

Apoteka Vest HF har 1,5 millionar kr. i positivt avvik i høve til budsjett.

For føretaksgruppa viser dette eit negativt resultatavvik målt mot budsjett på minus 103,3 millionar kroner.

Korrigert for meiravskrivingar gjev årsprognosen for føretaksgruppa eit negativt avvik på 108,4 millionar kroner.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok økonomirapport pr. 31.august.2005 til etterretning. Styret tok orientering i møte om situasjonen pr. 30. september til orientering.
2. Styret registrerer at fleire av føretaka har avvik på variabel løn og varekostnader. Styret ber om at administrerande direktør gjennomgår dette med føretaka, og ser på moglege tiltak.

Sak 87/05 B

Fordeling av supplerande lån til investeringsføremål i 2005

Kommentar:

Helse- og omsorgsdepartementet har av den samla låneramma for 2005 halde tilbake kr 350 mill til fordeling seinare i året. Administrerande direktør har i brev av 21.04.2005 søkt om å få tildelt denne låneramma til oppstart av nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen og nytt akuttmottak (MOBA) ved Helse Stavanger.

Ein føresetnad for oppstart av desse prosjekta hausten 2005/våren 2006, var at Helse Vest RHF fekk tildelt ekstra lånemidlar frå departementet.

Tildelinga av supplerande lån til investeringsføremål på kr 100 mill vil ikkje aleine sette Helse Vest i stand til å finansiere dei aktuelle prosjekta fullt ut. Dette er likevel eit viktig bidrag og eit signal frå departementet om at dei ønskjer å legge forholda til rette for at Helse Vest kan prioritere gjennomføringa av desse prosjekta.

I samband med fordelinga av den ekstra låneramma har Helse Vest henta inn opplysningar om utbetalingsstraumane til dei to aktuelle prosjekta under føresetnad av at nødvendige vedtak blir fatta no i haust. Med basis i forventa utbetalingar no i haust foreslår administrerande direktør følgjande fordeling av kr 100 mill:

- Nytt akuttmottakt (MOBA), Helse Stavanger kr 52 mill
- Nytt laboratoriebygg, Helse Bergen kr 48 mill

Det er i framlegg til statsbudsjett 2006 ikkje gjort noko fordeling av lån til investeringar mellom dei enkelte regionane. Ein må kunne vente at Helse Vest får tildelt minst same nivå på lånemidlar i 2006.

Vedtak (samrøystes):

1. Tildeling av supplerande lån til investeringar i 2005 blir fordelt på følgjande måte:
 - a. Nytt akuttmottak med observasjonseining ved Helse Stavanger kr 52 mill
 - b. Nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen kr 48 mill

Sak 88/05 B

Godkjenning av instruks for kontrollkomité og internrevisjon

Kommentar:

På bakgrunn av krav frå Helse- og omsorgsdepartementet gjorde styret i Helse Vest RHF i møte 27.05.05 vedtak om å etablere internrevisjon og opprette kontrollkomité i Helse Vest. Kontrollkomiteen skal ha hovudfokus på styrets kontroll og tilsynsfunksjon. Intern revisjon er eit viktig ledd i styrets overvakingfunksjon som skal, uavhengig av administrasjonen, gjere systematiske risikovurderingar, kontrollar og undersøkje internkontrollen i helseføretaka for å vurdere om han verkar forsvarleg og føremålstenleg.

I protokoll frå styremøte 6. september sak 75/05 B Val av kontrollkomité og budsjett for internrevisjon i Helse Vest i 2005 går det fram av kommentarar til saka at:

”Styret ønskjer å få framlagt ei prinsipiell sak, der det blir gjort greie for fullmaktstruktur og organisatoriske forhold i høve til internrevisjon, kontrollkomité, Helse Vest sitt styre og administrerande direktør i Helse Vest.”

Styret ønska å få framlagt eit nytt forslag til instruks for kontrollutvalet, med følgjande endringar:

Det må presiserast i instruksen at alle møte i kontrollutvalet er opne.

Instruksen må omformulerast slik at han gjev vide fullmakter til kontrollutvalet, samstundes som omfanget av ”må oppgåver” vert avgrensa.

Vedtak (samrøystes):

Saka vart utsett til neste styremøte.

Sak 89/05 B

Nytt psykiatrisk akuttmottak Sandviken – Helse Bergen HF

Kommentar:

Styret i Helse Bergen har i møte den 1.9.2005 under sak 59/05 B behandla nytt psykiatrisk akuttmottak - Sandviken. Styret i Helse Bergen fatta følgjande vedtak:

”Styret for Helse Bergen HF tilrår at Helse Vest godkjenner at prosjektet ”Nytt psykiatrisk akuttmottak” og at dette vert realisert med samsvar med planane slik det går fram av utarbeidd forprosjekt.”

I møte den 6. september 2005 behandla styret i Helse Vest saka 77/05 B Utbygging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen HF. Det vart under denne saka gitt ei utgreiing av den finansielle ramma som Helse Vest har til rådighet i 2005 samt kva ein kan forventa av finansiell ramme i dei komande åra.

Nytt psykiatrisk mottak er føresett finansiert delvis innanfor driftsramma til Helse Bergen samt gjennom opptak av lån. Helse Vest fatta vedtak om fordeling av lånemidlar 2005 under sak 57/05 B på møte den 11/5. Helse Bergen hadde meldt inn eit lånebehov på kr 104 mill til finansiering av fleire prosjekt kor psykiatriprosjekta utgjorde kr 93 mill. Av desse utgjorde lånebehovet til vaksenpsykiatri Sandviken kr 65 mill. Helse Bergen blei tildelt kr 74,6 mill i lån til prioritering av prosjekt innan psykiatri.

Akuttmottaket har ein samla investeringskostnad på kr 89 mill og prosjektet skal då i medhald av gjeldande investeringsprosedyre behandlast av styret i Helse Vest. Styret vurderte prosjektet i høve til:

- Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling
- Dimensjonerande føresetnadar, funksjonar, driftsformer og organisering, aktivitets- og produksjonsdata
- Samla investerings-/lønsomheitsanalyse

Styret la vekt på at dette er eit naudsynt strategisk grep for å betre situasjonen for akuttmottak av psykiatriske pasientar i Helse Bergen.

Styremedlemmene som er valdt av dei tilsette ønska at i saker der ein til dømes vedtek å byggje fleire rom utan at bemanninga vert auke, må konsekvensane for dei tilsette vere gjort greie for i saka.

Styret ønska å få lagt fram ei eiga sak om planlegging og organisering av store byggeprosjekt, og ønska ei vurdering av om det er behov for å styrke kompetansen på RHF-nivå på dette området.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest RHF godkjende forprosjekt for nytt psykiatrisk akuttmottak i Helse Bergen HF.
2. Styret legg til grunn at prosjektet blir realisert innanfor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjer:
 - a. Investeringskostnad 89 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 7,2 mill
3. Styret føreset vidare at Helse Bergen HF klarer å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda også etter bygging av nytt akuttmottak ved Sandviken.

Sak 90/05 B

Avskriving for tap - fullmakt

Kommentar:

For gjestepasientar utanfor konvensjonsavtalen behandla i Helse Stavanger og Helse Fonna blei det, i 2002, sendt faktura frå Helse Vest RHF direkte til sjølvbetalande pasientar eller forsikringsselskapet deira. Helse Bergen og Helse Førde sende sjølve slike krav til desse pasientane. I tillegg sende Helse Stavanger ut krav der betaling skulle skje til Helse Vest RHF.

Betaling som kom inn til Helse Vest RHF blei vidareformidla til helseføretaket kor pasienten var behandla.

Frå 2003 har helseføretaka sjølve fakturert og kravd inn beløpa frå desse pasientane.

Helse Vest RHF engasjerte Visma Collecta AS i 2003 for å krevje inn dei uteståande krava. Noko er kome inn, men det står framleis kr 1 153 882,90 ubetalt. Det er lite som tyder på at vi skal kunne få inn desse pengane sjølv med stor arbeidsinnsats.

Det er avsett for pårekneleg tap på krav i rekneskapen med til saman kr 1 332 441. Dei respektive helseføretaka har tapsført krava i sine rekneskap.

Vedtak (samrøystes):

1. Uteståande krav på sjølvbetalande pasientar frå 2002 skal avskrивast.
2. Administrerande direktør får fullmakt til å avskriva krav det ikkje let seg gjera å krevje inn, for beløp inntil kr 1 000 000 pr kunde. Fullmakta kan delegerast.

Sak 91/05 B Behandlingstilbod til pasientar med sjukleg overvekt i Helse Vest

Kommentar:

Overvekt er eit aukande helseproblem i den vestlege verda, også i Noreg og i Helseregion Vest.

I takt med aukande overvekt i befolkninga stig også talet på pasientar med sjukleg overvekt. Sjukleg overvekt reduserer forventa livslengde, livskvalitet, gjev tilleggssjukdommar og påfører trygde- og helsevesenet store utgifter til behandling av fedmerelatert sjukdom. Nest etter røyking er fedme og fedmerelaterte sjukdommar den viktigaste årsaka til tidleg død i dag. Behandling av sjukleg overvektige har vore eit forsømt område, og det finst få behandlingstilbod i Noreg. Helse Vest RHF var den første regionen som etablerte eit behandlingstilbod.

Denne saka omhandlar ei utviding av operasjonskapasiteten og etablering av eit heilskapleg behandlingstilbod til pasientar med sjukleg overvekt i Helse Vest. Tilbodet er foreslått som ein regionfunksjon lagt til Helse Førde HF.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest ønskjer å vidareutvikle og styrke regionfunksjonen for kirurgisk behandling av sjukleg overvekt til regionfunksjon med eit heilskapleg tilbod til pasientar med sjukleg overvekt.
2. Helse Førde HF vidareutviklar dagens regionsenter til også å omfatte tilrettelegging av eit breiare og differensiert behandlingstilbod og med ein auke av kapasitet for kirurgisk behandling til 60 pasientar årleg. Styret føreset at det vert knytt systematisk forskning til aktiviteten. Auken skal skje innan overordna ressursrammer for somatikk.
3. I tilknytning til dette tilbodet, blir det etablert eit tilbod om livsstilsendring for 80-100 pasientar årleg.

4. Ved vidare utvikling og ekspansjon av tilbodet til overvektige vil Helse Førde HF ha systemansvar for fedmebehandling i Helse Vest.
5. Administrasjonen får vidare fullmakt til å justere tilbodet i høve til internasjonal, nasjonal og regional kunnskap og innan overordna ressursramme for somatikk.
6. Helse Førde HF får, inntil det ligg føre ei endring av finansieringa for kirurgisk behandling, ein kompensasjon ut over gjeldande DRG-sats for inntil 60 pasientar i året.

Sak 92/05 B Tilrettelegging av sjukehusstilbodet i Bergensområdet
Saka var trekt frå sakskartet før styremøtet.

Sak 93/05 B Tertialrapportering på bestillardokumentet 2. tertial 2005

Kommentar:

I følge bestillardokumentet for 2005 frå Helse- og omsorgsdepartementet skal Helse Vest RHF rapportere tertialvis på ei rekkje punkt. I styresak 29/05 blei det lagt fram ein oversikt som viste kva for område Helse Vest skal rapportere på i 2005. Vedlagt legg ein her fram tertialrapportering på bestillardokumentet for 2. tertial 2005, i samsvar med styresak 29/05.

I samarbeid med departementet må ein arbeide for å få til ei meir heilskapeleg rapportering framover.

Styret ønska å få lagt fram sak om fokusområde 2006 på styremøtet i desember.

Vedlegg til sak 93/05 B:

- Skjema for tertialrapportering på ventelisteregistrering for behandling for rusmiddelmisbruk – Helse Vest RHF 2. tertial 2005, vart delt ut i møtet.

Vedtak (samrøystes):

Styret oversender vedlagte tertialrapportering på bestillardokumentet for 2. tertial 2005 til Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 94/05 B Avtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeningen

Kommentar:

Helse Øst RHF har på vegne av dei fem regionale helseføretaka forhandla fram eit forslag til ein samarbeidsavtale med Legemiddelindustriforeninga (LMI). Avtalen er handsama av styret i LMI og vedteken av deira generalforsamling 7. juni 2005. Avtalen er vidare godkjend av styret i Helse Øst RHF på møte 15.06.2005 (sak 066-2005), styret i Helse Sør RHF på møte 14.09.05 (sak 61/2005), styret i Helse Midt-

Norge RHF 23.08.05 (sak 45/05) og styret i Helse Nord RHF 11.10.05 (sak 100-2005).

Under føresetnad av at alle dei regionale helseføretaka vedtar avtalen, vil han bli gjort gjeldande for alle føretaka i landet. Det blir fremma forslag om å godkjenne avtalen slik han nå ligg føre og å oversende saka til helseføretaka for styrebehandling og vidare oppfølging.

Avtalen representerer ei viktig opprydding på område kor praksis har vore uklår og ulikt handtert. Avtalen handlar i stor grad om korleis legemiddelindustrien og deira medlemmer skal forhalde seg til helseføretaka. Avtalen vil og vere eit viktig fundament for tillitsforholdet mellom helsevesen, pasientar og samfunnet elles.

Avtalen trer i kraft frå 1. januar 2006 med tre månader gjensidig oppseiingstid.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner det framlagte forslaget til avtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeninga.
2. Administrerande direktør har fullmakt til å inngå avtale med Legemiddelindustriforeninga på vegne av Helse Vest RHF.
3. Samarbeidsavtalen blir sendt styra i helseføretaka til orientering og oppfølging.

Sak 95/05 B

Møteplan 2006

Kommentar:

I forslaget til møteplan er det lagt opp til 9 styremøte og 2 styreseminar i 2006. Det er og lagt opp til ei samling med RHF-styret og HF-styra, ein opplæringsdag for styremedlemmar og 2 samlingar med styreleiarar og AD-ar i Helse Vest.

Styremøta er geografisk plasserte med 5 møte i Stavanger, 2 møte i Bergen, og eit møte i Førde og Fonna.

Det er lagt opp til presentasjonar frå Private Ideelle, Brukarutvalet, Helse Vest IKT og Helseføretaka.

Styret ønska og å få til synfaringar i helseføretaka i samband med nokre av styremøta.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende møteplan for 2006

Sak 96/05 O Pålegg frå arbeidstilsynet, Kreftavdelinga post 1 - HUS

Kommentar:

Helse Bergen HF har fått pålegg frå Arbeidstilsynet, dagsett 16.september 2005. Pålegget gjeld bygningsmessige tilhøve ved post 1 ved kreftavdelinga og dei konsekvensane tilhøva har for arbeidsmiljøet ved posten.

I handsaminga av saka i styremøte 13.10.2005 fatta styret i Helse Bergen følgjande samrøystes vedtak :

1. *Pålegg frå Arbeidstilsynet, Kreftavdelinga post 1 og Føretaksleiinga si vidare behandling av saka vert tatt til orientering.*
2. *Pålegget frå Arbeidstilsynet vert ikkje påklaga til Direktoratet for Arbeidstilsynet*
3. *Naudsynte justeringar i drifta og mindre bygningsmessige tiltak vert gjennomførde innan den gitte fristen.*
4. *Styret ber administrerande direktør vurdere om ny sengepost for post 1 ved kreftavdelinga kan byggjast som ein del av Parkebygget. Det må i den samanheng nærare utgreiast om nokre av dei funksjonane som no er inne i parkebygget (kontor, dagavdeling) kan plasserast i noverande lokale til post 1 ved kreftavdelinga.*

Når det gjeld dei kortsiktige tiltaka, vart det frå styret i Helse Bergen si side og lagt vekt på å sikre ein god dialog med arbeidstilsynet for å finne gode løysingar.

Nye midlertidige lokale vil bli vurdert lagt inn i planlagt nybygg – ”parkbygget”.

Dei løysingar ein no legg opp til må vurderast som tilfredstillande ikkje minst i lys av den nære dialog ein vil ha med Arbeidstilsynet og dei tilsette.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

Sak 97/05 Eventuelt

Parkeringsavgift ved sjukehusa

Styret ønskja ei orientering om satsar og ulike betalingsordningar for parkering ved dei ulike sjukehusa.

Fellestransport i drosje

Styret ønskja ei orientering om rutinar for fellestransport i drosje i helseføretaka.

Skriv og meldingar

- Brev frå HOD, dagsett 21.09 – Oppfølging av styringsbudskap på organisasjonsområdet:
Styreleiar Oddvard Nilsen og Helge Espelid vart valdt som representantar til arbeidsgruppe

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå HOD, dagsett 05.09 – Tertialrapportering på bestillardokument første tertial 2005
- Brev frå Helsetilsynet, dagsett 09.09 – Innkalling til møte i Statens helsetilsyn – oppfølging av pålegg om å rette på forholdene ved Sandviken sjukehus
- Brev frå HOD, dagsett 21.09 – Oppfølging av styringsbudskap på organisasjonsområdet
- Brev frå Haraldsplass diakonale sjukehus, dagsett 23.09 – Funksjonsfordeling mellom Haukeland Universitetssjukehus og Haraldsplass diakonale sjukehus
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland, dagsett 30.09 – Oppfølging av tilsyn ved Helse Stavanger HF, Rehabiliteringsklinikken, seksjon Lassa
- Brev frå HOD, dagsett 04.10 – Organisatorisk oppfølging – innkalling til møte og invitasjon til arbeidsgruppe
- Brev frå Helse Bergen HF, dagsett 11.10 – Påbod knytt til å rette på tilhøva ved korttidsavdelinga – Sandviken sjukehus
- Brev frå Helse Stavanger HF til Statens strålevern, dagsett 13.10 – Varsel om manglende tilleggskjerming i del av vegg i angiologab
- Brev frå Haraldsplass diakonale sjukehus, dagsett 17.10 – Funksjonsfordeling mellom Haukeland Universitetssykehus (HUS) og Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS)

Følgjande skriv og meldingar vart delt ut i møtet:

- Brev frå HOD, dagsett 21.10.2005 – Sykehusapotek og helseforetakenes legemiddelforsyning
- Telefax frå ordførarane i Norhordlandskommunane, dagsett 25.10.2005 – Uttale vedk. akuttinntak (utsendt på mail)
- Brev frå HDS, dagsett 25.10.2005 Tilrettelegging av sykehustjenester i Bergen – Sak 92/05 B (utsendt på mail)

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger, 27. oktober 2005

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Svein Andersen

Per Hanasand

Brian Bjordal

Bente Moen

Inger F. Hamborg

Helge Espelid

Aslaug Husa

Marit Nordstrand